



LANDBRUKSINFORMASJON
FOR
AURLAND, LÆRDAL OG ÅRDAL

Nr 1/2019 – FEBRUAR
INFORMASJONSSKRIV FRÅ FELLES LANDBRUKSKONTOR ÅLA

Ny søknadsomgang produksjonstilskot mars 2019

Hugs neste søknadsfrist for produksjonstilskot i jordbruket som er **15.mars 2019**. Du kan ikkje levera søknaden før registreringsdato 1.3.

Søknaden bør leverast elektronisk via Altinn, men det er opna opp for å senda papirsøknad

Ta kontakt med oss for hjelp til å senda inn elektronisk søknad. Hugs å ta med påloggingsinformasjon til Altinn. (td MinID eller Bank-id).

Du må oppgje anten e-post eller mobilnummer for å få sendt inn søknaden.

Det er viktig at du trykker på "kontroll søknad" og "send søknad" for at den skal bli innsendt.

Viktige datoar for søknadsomgangen i mars 2019:

- 1.mars som er teljedato
- 15.mars søknadsfrist
- 29.mars frist for å etterregistrera/korrigera opplysingar i innsendt søknad

Det er berre dei med husdyrproduksjon som skal søkja no i mars, og då på det antal dyr føretaket disponerer på teljedato 1.mars.

Søknadsfristen 15.mars er absolutt, men det vil vera mogleg å endra opplysingar 14 dagar etter fristen. Få registrert søknaden din innan 15.mars, so kan du heller gå inn å korrigera opplysingar i etterkant. Søker du ikkje innan fristen får du heller ikkje tilskot.

Det vert ikkje lenger sendt informasjon i posten. All kommunikasjon går no via meldingsboksen i Altinn. Søknadsskjemaet finn du på www.landbruksdirektoratet.no eller på www.altinn.no

Aktuell informasjon om søknadsomgangen mars 2018 finn du på Landbruksdirektoratet sine sider [her](#) og [her](#). Søkjar er sjølv pliktig å setta seg inn i gjeldande regelverk.

Som søker er du ansvarleg for at opplysningane på søknadsskjema er rette. Ved feil i søknaden som kunne medført for mykje utbetalt tilskot skal kommunen rette søknaden og vurdere avkorting i resten av tilskotet.

Ta kontakt med Felles Landbrukskontor ÅLA i god tid dersom du har spørsmål eller treng hjelp.

Felles Landbrukskontor ÅLA

Korleis bestilla MinID – PIN-koda

Har du ikkje Bank-id eller anna pålogging til Altinn kan du bestilla PIN-kodar til MinID. Gå inn på <https://brukerprofil.difi.no/orderpincode/> og legg inn fødselsnummeret ditt. Du vil motta PIN-kodebrevet innan 1-5 arbeidsdagar.

Felles Landbrukskontor ÅLA

Oppmoding av spreiring av husdyrgjødsel i vekstsesongen

Felles Landbrukskontor ÅLA oppmodar husdyrprodusentane til å spreie mest mogleg av husdyrgjødsel, tidlegast mogleg i vekstsesongen, og på alt areal som er godkjent som spreieareal i tråd med gjødslingsplanen til det enkelte føretak. Dette gjev den beste utnyttinga av næringssemna i gjødsel og reduserer faren for uheldig verknad på drikkevasskvalitet, andre vassførekomstar og utslepp av klimagass.

Felles Landbrukskontor ÅLA

For gamle jordprøvar og gjødslingsplan?

Er jordprøvane dine for gamle? Felles Landbrukskontor ÅLA vil minna om at det skal takast jordprøvar kvart 5-8. år. Gjødslingsplanen kvart år, men kan godkjennast for fleire år når drifta er lik. Norsk Landbruksrådgjeving Vest lagar gjødslingsplanar for 4 år når drifta er den same.

Felles Landbrukskontor ÅLA har liggande utstyr for jordprøvetaking vist du vil ta sjølv og senda inn til Eurofins.

Felles Landbrukskontor ÅLA

Nytt frå Innovasjon Norge

For 2019 er det sett av fylgjande midlar til tiltak på landbrukseigedomar:

Lausdrift i mjølkeproduksjon: kr 27 mill

Driftsbygningar, andre husdyr - ikkje sau: 11 mill

Frukt og bær: 6 mill

Andre næringar: 4 mill

Gjødsellager: 2 mill

Ta kontakt med landbrukskontoret om du har aktuelle prosjekt på din gard, som kan søkje om midlar frå Innovasjon Norge.

Felles Landbrukskontor ÅLA

Søknad om SMIL/NMSK-midlar 2019

Søknadsfristen for SMIL/NMSK-midlar er **15.april**.

Frå søknadsomgangen 2019 skal søknaden sendast inn digitalt via ID-porten/Altinn. [Link til søknadsskjema](#). I ["Tiltaksstrategiar – SMIL – NMSK - 2017 – 2020 i ÅLA"](#) finn du informasjon om typiske tiltak som utløyse SMIL-midlar, tiltak som skal prioriterast, kva dokumentasjon som må vera med i søknadsskjemaet. [Meir informasjon om SMIL-ordninga finn du her hjå Landbruksdirektoratet.](#)

Felles Landbrukskontor ÅLA

Søknad om tilskot til drenering 2019

Søknadsfristen for tilskot til drenering er **1.juni**.

Frå søknadsomgangen 2019 skal søknaden sendast inn digitalt via ID-porten/Altinn. [Link til søknadsskjema](#). [Meir informasjon om tilskot til drenering finn du her hjå Landbruksdirektoratet.](#)

Felles Landbrukskontor ÅLA

Fiskefond II i Lærdal kommune

Det kan søkast om støtte frå fondet til fylgjande tiltak:

Utsetting av settefisk (*eige skjema ligg vedlagt*)

Andre tiltak som kan støttast er:

- Opplæringstiltak
- Informasjonsarbeid
- Auka tilgjenge til fiskeresursane

Søknadsfrist: 1.april

Felles Landbrukskontor ÅLA

Tilskot i Årdal kommune:

Fond for fiske, vilt- og friluftsliv i Årdal kommune

Midlane skal nyttast til opphjelp av fisk, vilt og friluftsliv i Årdal kommune, og komma ålmenta til gode.

Fiskefond i Årdal kommune

Midlane skal nyttast til kultivering og fremjing av fiske i elvar og vatn i Årdal kommune, og komma ålmenta til gode.

For begge fonda;

Søknad om støtte frå fondet skal sendast: Årdal kommune, Statsråd Evensensveg 4-6 6885 Årdalstangen, og vert handsama i Årdal formannskap. Budsjett og finansieringsplan for tiltaket skal ligga ved søknaden.

Søknadsfrist: 15. mars

Linkar til Fiskefonda i Årdal: [Fiskefond i Årdal kommune](#) [Fond for fiske, vilt- og friluftsliv i Årdal kommune](#)

Felles Landbrukskontor ÅLA

Prosjekt "Sognalam"

Felles Landbrukskontor ÅLA har no avslutta Prosjekt "Sognalam". Sluttrapport for prosjektet vert publisert på landbrukskontoret si heimeside når rapporten er klar. Hausten 2018 vart "Sognalam SA" etablert. Dette er ei samanslutning av sauebønder frå Indre Sogn som har gått saman om å jobbe fram eit regionalt produkt av lam frå Indre Sogn. Sjå meir om Sognalam SA her: [Facebook-sida til "Sognalam"](#)

Felles Landbrukskontor ÅLA

Veterinærvakta i Årdal, Lærdal og Aurland

Vaktnummeret til veterinæranane er 57 00 63 80.

Felles Landbrukskontor ÅLA

Før til sals

Me ynskjer at dei som har før til sals melder i frå til Felles Landbrukskontor ÅLA om dette då me innimellom får spørsmål om me veit om nokon som sel før.

Felles Landbrukskontor ÅLA

Reglar om gjerdehald - spesielt om viltgjerde

Viltgjerde (gjerde over 1,5 m med open konstruksjon) er eit høgt gjerde som oftast vert nytta på landbrukseigedomar. I Plan- og bygningslova er det ikkje reglar for at det ikkje er søknadspliktig å setje opp viltgjerde. Det vil difor vere opp til kommunen gjennom skjønnsvurdering om eit viltgjerde vert rekna som søknadspliktig konstruksjon etter Plan- og bygningslova og SAK 10 § 4-1. Ved fleire høve er det viktig å få sett opp høgt gjerde for å halda vilt unna område med f.eks frukttrær, bærproduksjon eller trafikkerte område. Av og til er det og heilt naudsynt å gjerde inn husdyr med høge gjerde. Eit viltgjerde kan likevel føre til ein del konflikhtar, då spesielt om det vert plassert nær bustadar. Eit viltgjerde kan somme tider vera skjemmande for andre, då spesielt dersom viltgjerde vert sett opp i nabogrensa mot bustadeigedom. Ved dårleg vedlikehald av gjerde, og kanskje dårleg gjennomføring av oppsetting kan det rett og slett bli utfordrande estetisk. For å unngå ein del slike konflikhtar, vil ein oppfordre til god dialog med naboen FØR arbeidet med viltgjerde vert sett i gang. Kanskje finn ein då gode løysingar på konfliktdempande tiltak tidleg i prosessen, som f.eks å setje gjerde i god avstand frå bustadtomt, setje opp lågare gjerde forbi bustadtomta osv.

Kommunen vurderer søknadsplikt for viltgjerde slik:

Viltgjerde er søknadspliktig om det vert sett opp i nabogrense eller nær nabogrense til areal som ikkje er regulert til landbruk, natur og friluftsliv. Det vil og vera søknadsplikt om viltgjerde vert sett opp i nærleiken av naboen sitt gardstun, friluftshytte eller fritidshus. Ein slik søknad skal sendast til kommunen, og tiltaket skal nabovarslast. Viltgjerde er søknadspliktig dersom det skal setjast opp i grensa mot veg. Ein slik søknad skal rettast til vegeigar. Søknadsplikt for viltgjerde i nabogrensa til bustadar sikrar at estetikk vert vurdert, og at gjerde vert sett opp på ein best mogleg måte mht. kvalitet, materialbruk og gjennomføring av arbeidet.

Ta gjerne kontakt med kommunen v.plan/byggsak om du er usikker på reglementet kring oppsetting av gjerde, søknadsplikt, reguleringsplanen som gjeld for din eigedom eller anna.

Plan/byggesak Lærdal/Felles Landbrukskontor ÅLA

Rydde aksjon i Lærdal

Lærdal kommune startar no opp ein større ryddeaksjon i heile Lærdal, som eit ledd i *målsetjinga om å bli ei vakrare, ryddigare og reinare bygd*. Kommunen har kjennskap til fleire ulovlege tilhøve, som kan føre til ulovlegheitsoppfølging med gebyr og bøter, og i verste fall vert saka meld til politiet. Frå 1. mai 2019 kjem kommunen til å sette i verk ulovlegheitsoppfølging på slike saker. Kommunen vil oppfordra alle til å rydde på eigen eigedom før 1. mai, og det vil bli lagt til rette med ulike tiltak i vekene framover.

Kommunen har motteke mange meldingar om område som bør ryddast i. Dette gjeld for eksempel;

Sjøppelfyllingar langs fjorden, frå Lærdal Hamn til Revsnes
Større biloppstillingsplassar/lagring av bilar på private eigedomar
Avfallsplassar i utmark/innmark
Næringsareal, landbrukseigedomar eller private eigedomar med store mengder lagring av plast, skrot, metallskrap, øydelagde landbruksmaskiner, bilvrak, dekkhaugar osv.
Ulovleg tømning av slam eller anna forureinande væske i grunn
Nedgrevne søppelfyllingar

Kommunen minner om at det ikkje er lovleg å brenna avfall, berre gras, kvist og lauv. Det er heller ikkje lovleg å grava ned avfallet. Avfall skal leverast på lovlege avfallsmottak.

Lærdal kommune

Innsamling av metallskrap i samband med "Ryddeaksjon i Lærdal"

Lærdal kommune og Simas har kome fram til ei god løysing for å samle inn metallskrap på eigedomar i Lærdal, i samband med ryddeaksjonen fram til 1. mai 2019:

I veke 14 (1. -5. april) vil Simas køyre rundt med eigen «skrap-bil» med containar og krane for å samle inn metallskrap i bygda. Metallskrapet treng ikkje vera heilt reint for dekk og liknande, men SKAL vera tømd for bensin og olje. Me oppfordrar gardbrukarar til å gå saman om felles samleplassar for skrap, slik at me får til effektiv oppsamling. Containerbilen med krane treng litt plass, så fint om samlingsplassane vert planlagd ut i frå dette. Det kan og vera aktuelt å setja ut nokre containarar som gardbrukarane kan fylle sjølve i løpet av veke 14. Tilbodet er gratis. Meld inn behov for henting av metallskrap eller ynskje om felles containerplassering til monika.lysne@laerdal.kommune.no innan 25. mars 2019.

Lærdal kommune/SIMAS

Landbruksplan ÅLA 2018-2021

I tråd med godkjend plan kan det på landbrukseigedomar i drift gjevast støtte til fylgjande formål:

- Kjøp av mjølkekvotar
- Mindre investeringar på bygningar
- Eigedomsoverdraging
- Nydyrking
- Landbruksvegar
- Dyrking av frukt og bær
- Tilleggsnæring
- Kompetanseheving
- Omlegging til økologisk drift

Ta kontakt med landbrukskontoret for nærmare informasjon om ordningane.

Felles Landbrukskontor ÅLA

Prosjekt "driveplikt"

I samband med "Prosjekt driveplikt" vart det sendt ut brev til alle grunneigarar av registrerte landbrukseigedommar i ÅLA som har areal det ikkje vert søkt om produksjonstilskot på, eller areal der andre søker om produksjonstilskot men kommunen ikkje har fått inn jordleigeavtale. Ein svarprosent på 84,73 % gjer at me er svært godt nøgd med tal tilbakemeldingar me har fått. Felles Landbrukskontor ÅLA jobbar no med oppfylgingsarbeid, med mellom anna endringa av markslag, søknad om fritak frå driveplikta og oppfølging av brot på driveplikta.

Oversikt tilbakemeldingar "Prosjekt driveplikt"

Kommune	Tal sende brev	Tal svar	Tal ikkje svart	Tal søknadar varig fritak	Tal søknadar disp avtaletidspunkt
Årdal	52	44	8	1	3
Lærdal	120	101	19	5	1
Aurland	90	77	13	1	0
Totalt	262	222	40	7	4

Felles Landbrukskontor ÅLA

Mobiliseringsprosjektet - Prosjekt for å auka produksjonen av frukt og bær i Sogn og Fjordane.

Sogn og Fjordane Landbrukskasselskap starta 01.01.2018 eit 3 årig prosjekt for å mobilisera til auka produksjon av frukt og bær i fylket. Prosjektet omfattar 10 kommunar i fylket, 7stk i Sogn og 3 i Fjordane.

Prosjektet, som ynskjer å motivera bønder til å satse på frukt og bær, er no inne i sitt andre driftsår. Så langt har arbeidet hatt fokus på Vik, Balestrand og Leikanger, og resultatet er ca 185 da som me arbeider vidare med får å prøve å få planta ut. Nokre er alt i gang med søknader til Innovasjon Norge og fleire vil kome i gang utover året.

Framover vil me arbeide med Aurland og Lærdal. Inntrykket er at det er mindre «ledig areal» i desse kommunane enn lengre ute i fjorden, men me vil registrere areal og planane eigar har for desse. I den samanheng er me takksam for alle tips og tilbakemeldingar som kan hjelpa oss til å koma i kontakt med eigarar av eigna eigedomar.

Prosjektet er svært interessert i å koma i kontakt med personer som:

- Har areal, men er usikker på om arealet er eigna for frukt/bær produksjon
- Har areal som er eigna, men ikkje ynskjer å drifta det sjølv. Leige ut til andre?
- Har produksjon pr i dag, men ynskjer meir areal, for å kunna driva på heiltid.
- Har produksjon på eldre plantingar, men er usikker på omlegging til moderne planting.
- Har anna produksjon på garden, men kan tenkja seg å «få fleire bein å stå på».

Sentrale aktørar i omsetningsledda seier mellom anna at det er rom for ein stor auke av norsk epleproduksjon. Lokalt kan me auka mykje i volum med å fortsettja å leggja om til moderne plantingar (som gjev mykje større avling pr areal), samt å motivera til å ta i bruk meir av den beste jorda landet kan by på til denne typen produksjon.

Prosjektet vert leia av Sigurd Molvik ved Njøs Næringsutvikling .
Kontakt epost: sigurd.molvik@njos.no eller tlf 915 61213

Mobiliseringsprosjektet v. Sigurd Molvik

Nytt innan viltforvaltning

CWD arbeidet.

Tiltak i forbindelse med bekjempingen av CWD.

Etter at siste dyret i Nordfjella sone 1 vart teke ut i februar 2018, er ein no over i brakkleggingsperioden som skal vare i minst 5 år. Denne tida skal brukast til testing av hjortevilt, analyse av jordprøvar, tiltak i forbindelse beitebruk m.m.

Sidan CWD vart påvist i mars 2016 er det hittil testa 1664 hjort, elg og rådyr i Årdal, Lærdal og Aurland. Alle negative.

Av Villrein er det sendt inn 2579 frå Nordfjella og Årdal/Lærdal prøvar og funne 19 positive, alle i Nordfjella sone 1.

I tillegg er det funne 5 positive dyr av Elg (4)og Hjort (1) andre stader i landet. Dette er ein annan type CWD enn det som er påvist på villrein.

Fokuset på bruk av saltstein til beitedyr har vore stort, og er ikkje over.

Sist sommar og haust vart det gjennomført fleire tiltak på ca. 200 salteplassar i Sone 1.

14 februar sendte Mattilsynet over eit forslag til endring av soneforskrifta til Landbruks- og Mat departementet. No er det opp til departementet å avgjere om dette skal sendast ut på høyring eller ikkje. Viss det blir sendt ut vil det bli sett ein høyringsfrist der det er mogeleg for alle å komme med innspel før den blir vedteken. I korte trekk går den ut på totalforbud for bruk av saltstein, men tillet bruk av laussalt og kortvarig bruk av saltstein i forbindelse med samling. Ein kan lese heile dokumentet [her](#).

[Gjeldande soneforskrift, sist endra 23/11-2018.](#)

CWD-koordinator

Nr 1/2019 – februar Informasjonsskriv frå Felles Landbrukskontor ÅLA

Jakt på hjort/elg i tida framover

I den siste rapporten frå Vitenskapskomiteen for mat og miljø vert det peika på faktorar som å forhindra smittespreiing av skrantesjuka. Dei store bestandane av hjort, med overlapp i arealbruk med villreinen, er peika på som «skumle» i høve smittespreiing. Me lyt belaga oss på å halda bestandane av hjort på eit lågare nivå enn kva som har vore vanleg dei siste åra. Utfordringa lokalt, slik landbrukskontoret ser det, vil vera å syta for ein lågare vinterbestand av hjort, men jobba for at denne bestanden i større grad består av vaksne produksjonsdyr. For å klare dette, må det vera eit skikkeleg fokus på tøff beskatning av tilveksten i bestanden, altså kalvar og ungdyr. Einaste måten å få dette til på, er at jegerane er målretta og kanskje også må bruka noko meir tid på å få felt dei rette dyr. Det jobbast frå sentralt hald om å koma fram til ein anbefalt bestandsstorleik som kommunane kring Nordfjella bør sikta på. Jegerane og grunneigarsida i ÅLA-kommunane er flinke til å ta prøvar for skrantesjuka og til å nytta sett-hjort-metoden. Dette er viktigare enn nokon sinne då dette er viktige styringsparametere i tida som kjem. Bra jobba!

Fellingsresultat 2018

- Generelt kan me seia at jegerane såg ein god del mindre hjort under jakta i 2018, samanlikna med åra før. 2017-jakta var eit toppår, det har aldri før vore registrert so mykje «sett-hjort pr jegerdag» som dette året. Høgt fellingsresultat, kombinert med ein tøff vinter 2017/18 har bidratt til at jegerane såg betydeleg færre hjort under jakta 2018. Dette har også vore målet, så me er i grunnen nøgd med den utviklinga me ser no. I snitt såg jegerane om lag 30% færre hjort i kommunene Årdal, Lærdal og Aurland. Reiser me opp til Hol kommune, så ser det ut til at hjortebestanden fikk seg en skikkelig knekk førre vinter. Der såg jegerane berre om lag 1/5 av mengden hjort som under jakta 2017. Foringsforbud har nok også ein effekt på reduksjonen.
- Årdal: 151 felte hjort og 1 elg.
- Lærdal: 438 felte hjort og 11 elg (rekord).
- Aurland: 151 felte hjort og 3 elg.

Detaljar om felling kan de finna på www.hjorteviltregistreret.no

Søknadsfrist for godkjenning av hjort- og elgvald

Fristen er 1. mai. Søknadsskjema finn de her:

<http://www.miljodirektoratet.no/no/Tjenester-og-verktoy/Skjema/Soknad-om-godkjenning-av-vald---nynorsk/>

Innmelding i bestandsplanområde

Frist for å melda eit vald inn i bestandsplanområda er 1. mai. Dette skal gjerast via det lokale styret i bestandsplanområda. Me gjer merksam på at dei ulike styra har ulike fristar internt for dette. Ta gjerne kontakt med Knut Fredrik Øi for meir info.

Merking av hjort.

Det går framleis mange hjortar rundt i Årdal, Lærdal og Aurland kommunar med GPS-klave. Dette er eit prosjekt for å sjå på arealbruken opp mot skrantesjuka på villrein. Er det stor overlapp i kva for areal desse to artane nyttar? Dei fyrste hjortane som vart merkt for to år sida, mistar no klavene sine. Dette er programmert på førehand, og nokre av klavane har alt falt av. Dei dyra som vart merkt våren 2018 skal ha klavane på eit år til. I hovudsak syner dei merka hjortane at dyra trekker frå vinterområde og til sommarområde nokre få km unna, men betydeleg opp i terrenget. Kun eit par dyr har trekt veldig langt av gårde. Det er artig å sjå at dyra gjentek trekkemønsteret sitt fleire år på rad, noko som underbyggjar at dei vaksne dyra er vanedyr. Det er ikkje planlagt å merka fleire hjortar no framover. Me håpar å få folk frå prosjektet til å halda foredrag om hjortevandringar generelt og med fokus på dei dyra som er merka hjå oss.

Jakt på rådyr i Årdal?

Styret i Årdal bestandsplanområde for hjort har søkt kommunen om å opna for jakt på rådyr. Dette vil krevja ei endring i forskrift om jakt på hjortevilt i Årdal kommune. Saka er ute på høyring no i desse dagar, med høyringsfrist 21. mai. Sjå heimesida til Felles Landbrukskontor eller Årdal kommune for meir info.

Felles Landbrukskontor ÅLA/CWD-koordinator/viltforvaltar

Nr 1/2019 – februar Informasjonsskriv frå Felles Landbrukskontor ÅLA

Returadresse:
Lærdal kommune
Postboks 83
6886 LÆRDAL

Informasjon på E-post

Alle som me kjenner E-postadressa til får informasjonsskrivet elektronisk. Me sender ut per post til dei som ynskjer det.

Hugs å melda frå om endringar i E-postadresse til: shau@laerdal.kommune.no

Infoskrivet er også lagt ut på kommunane sine heimesider under: Landbruk

Aurland kommune si heimeside:

<http://www.aurland.kommune.no>

Lærdal kommune si heimeside:

<http://www.laerdal.kommune.no>

Årdal kommune si heimeside:

<http://www.ardal.kommune.no>

Telefonar/E-postadresser:

Namn	Telefon	Mobiltelefon	E-postadresse
Aurland kommune			
-sentralbord	57 63 29 00		post@aurland.kommune.no
-landbrukskontoret	57 63 29 90		
-telefax	57 63 29 01		
Lærdal kommune			
-sentralbord	57 64 12 00		post@laerdal.kommune.no
-telefax	57 64 12 01		
Årdal kommune			
-sentralbord	57 66 50 00		postmottak@ardal.kommune.no
-telefax	57 66 50 15		
Magnhild Aspevik	47 48 65 50		MAAS@laerdal.kommune.no
Solgun Haugen	47 48 65 65		shau@laerdal.kommune.no
Marianne Nygård	47 48 65 63 L 57 63 29 90 A		marianne.nygard@laerdal.kommune.no
Knut Fredrik Øi	93 05 96 37		Knut.Fredrik.Oei@laerdal.kommune.no
Johanne Molland	96 94 11 63		Johanne.Molland@laerdal.kommune.no
Landbrukstenester, Sogn			
-telefax	90 96 21 57 94 76 13 53		aud.fossoy@n-lt.no